Samnanger kommune

Samnanger kommune

Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunehuset, Kommunestyresalen
Dato:	06.02.2023
Tid:	14:00 -15:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Arild Røen	Leiar	H
Terje Hoseth Næss	Nestleiar	KRF
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Anne Gerd Tandstad	Medlem	SP
Anette Espelid	Medlem	BL

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anette Espelid	Medlem	BL

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Bjarne Hauge	Anette Espelid	KRF

Andre som møtte:

Knut Harald Frøland	Ordførar
Ove Sæbø	Rådmann
Edith Oma	Kommunalsjef helse og omsorg
Karl Viken	Kommunalsjef økonomi og organisasjon
Solveig Bø Dalstø	Oppdragsansvarleg revisor i BDO AS
Eline E. Bruntveit	Forvaltningsrevisor i BDO AS (på Teams)
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar i Vestland fylkeskommune

Arild Røen
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/23	Godkjenning av møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 21.11.2022	2022/13	
	Politiske saker		
PS 1/23	Forvaltningsrevisjon av personalforvaltning - prosjektplan	2023/348	
PS 2/23	Presentasjon av status i revisjon av rekneskapen 2022	2022/26	
PS 3/23	Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - oppfølging	2022/250	
PS 4/23	Etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2021 - Oppfølging av revisor sine tilrådingar i nummerert brev nr. 2	2022/150	
PS 5/23	Årsmelding 2022 - kontrollutvalet i Samnanger kommune	2022/24	
PS 6/23	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval 06.02.2023	2022/22	
PS 7/23	Eventuelt	2022/20	
	Referat saker		
RS 1/23	Melding om politisk vedtak - Eigarskapskontroll - Overordna eigarskapsforvaltning - rapport	2022/250	
RS 2/23	Fagkonferanse 31.05.23 - 01.06.23	2022/14	

Godkjenningssaker

GK 1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 06.02.2023 - Samnanger kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og saksliste

Vedtak

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjent

GK 2/23 Godkjenning av møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 21.11.2022

Saksprotokoll 06.02.2023 - Samnanger kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 21.11.2022

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 21.11.2022 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 1/23 Forvaltningsrevisjon av personalforvaltning – prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av personalforvaltning i Samnanger kommune frå BDO AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 28.02.2022.
3. Leiar i kontrollutvalet får, i samråd med sekretær, fullmakt til å godkjenne eventuell korrigert prosjektplan.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå BDO si side innan 01.08.2023, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale innarbeidd, slik at den kan behandlast i kontrollutvalet 28.08.2023

Saksprotokoll 06.02.2023 - Samnanger kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor frå BDO AS presenterte forslag til prosjektplan slik den ligg føre i saka og svarte på spørsmål

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av personalforvaltning i Samnanger kommune frå BDO AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå BDO si side innan 01.08.2023, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale innarbeidd, slik at den kan behandlast i kontrollutvalet 28.08.2023

PS 2/23 Presentasjon av status i revisjon av rekneskapen 2022

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjon frå BDO AS om status i arbeidet med revisjon av 2022-rekneskapen til orientering.

Saksprotokoll 06.02.2023 - Samnanger kommune, Kontrollutvalet
Behandling i møte

Oppdragsansvarleg revisor i BDO AS informerte kontrollutvalet i status i arbeidet gjeldande rekneskapsrevisjonen for 2022.

Oppstartsmøte i veke 10 med administrasjonen

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjon frå BDO AS om status i arbeidet med revisjon av 2022-rekneskapen til orientering.

PS 3/23 Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning – oppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek rapport frå rådmannen, datert 20.12.22, med oppfølging av eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning, til vitande
2. Kontrollutvalet vurderer oppfølginga av kommunestyrevedtak i sak 070/2022 til å vere fullført

Saksprotokoll 06.02.2023 - Samnanger kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmannen orienterte kort om saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek rapport frå rådmannen, datert 20.12.22, med oppfølging av eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning, til vitande
2. Kontrollutvalet vurderer oppfølginga av kommunestyrevedtak i sak 070/2022 til å vere fullført

PS 4/23 Etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2021 - Oppfølging av revisor sine tilrådingar i nummerert brev nr. 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek statusorienteringa 21.11.2022 og vedlagde notat om oppfølging av revisor sine tilrådingar i nummerert brev nr. 2 til vitande.
2. Kontrollutvalet konkluderer med dette oppfølginga av etterlevingskontrollen av økonomiforvaltninga 2021til å vere ferdig.

Saksprotokoll 06.02.2023 - Samnanger kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmannen orienterte om notatet slik det ligg føre i saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek statusorienteringa 21.11.2022 og vedlagde notat om oppfølging av revisor sine tilrådingar i nummerert brev nr. 2 til vitande.
2. Kontrollutvalet konkluderer med dette oppfølginga av etterlevingskontrollen av økonomiforvaltninga 2021til å vere ferdig.

PS 5/23 Årsmelding 2022 - kontrollutvalet i Samnanger kommune

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Samnanger kommune

Saksprotokoll 06.02.2023 - Samnanger kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretær orienterte kort om Årsmeldinga 2022 for kontrollutvalet.

Sekretariatet vil endra nokre små feil i årsmeldinga etter tilbakemelding frå kontrollutvalet

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke

Innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Samnanger kommune

PS 6/23 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval 06.02.2023

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 06.02.2023 - Samnanger kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet gjekk gjennom møteprotokollane til møte slik det kjem fram av saksframlegget.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 7/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 06.02.2023 - Samnanger kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann orienterer om status gjeldande bemanningssitusjonen innan barnevern i Samnanger kommune:

Det vart mellom anna orientert om dette:

- Barnevernsleiar har sagt opp stillinga og er sjukemeldt ut tida ho har att i stillinga

- Innleige av konsulenter for å avhjelpe situasjonen
- Ny barnevernsleiar er tilsett

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen gjeldande rådmannen si orientering om bemanningssituasjonen i barnevernet til orientering.

Referat saker

RS 1/23 Melding om politisk vedtak - Eigarskapskontroll - Overordna eigarskapsforvaltning - rapport

Saksprotokoll 06.02.2023 - Samnanger kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering

RS 2/23 Fagkonferanse 31.05.23 - 01.06.23

Saksprotokoll 06.02.2023 - Samnanger kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering